

Høringsrapport – oppsummering av høringsinnspel til regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027

Versjon 11.11.21

Høringsinnspel til høringsutgåve av

1. Regional plan for vassforvaltning
2. Tiltaksprogram
3. Handlingsprogram



Innhald

1 Samandrag	3
2 Innleiing	3
3 Oppsummering av høyringsinnspel	4
3.1 Innspel til forvaltningsplanen	4
3.1.1 Kunnskapsgrunnlaget	4
3.1.2 Overvaking	4
3.1.3 Prioriteringar	5
3.1.4 Miljømål	6
3.1.5 Behov for verkemiddel	7
3.1.6 Konsekvensutgreiing	8
3.1.7 Retningslinjer for arealplanlegging	9
3.1.8 Plastureining	9
3.1.9 Beskytta område – drikkevatn og badevatn	10
3.2 Innspel til tiltaksprogram	10
3.2.1 Vasskraft og andre vassdragsinngrep	10
3.2.2 Samferdsel	11
3.2.3 Sur nedbør	11
3.2.4 Avløp	11
3.2.5 Landbruk (jordbruk og skogbruk)	12
3.2.6 Miljøgifter og andre ureinande stoff	13
3.2.7 Akvakultur	13
3.2.8 Framande artar	15
3.2.9 Fritidsfiske	15
3.2.10 Vern av drikkevatn	16
3.2.11 Overvatn	16
3.2.12 Klimatilpassing	16
3.2.13 Forsking og kunnskap	16
3.3 Innspel til handlingsprogram	16

Framsidedfoto: Samarbeid. Illustrasjon av Gunvor Rasmussen.

1 Samandrag

Vestland fylkeskommune har fått inn 58 høyringsinnspel. Av desse er 24 av innspela frå kommunar. Fleire innspel går på kunnskapsgrunnlaget, og at det ikkje er godt nok. For kommunane er det viktig å vite om det er landbruk eller avløp som står for næringstilførselen, slik at rett tiltak vert sett inn. Det har også kome innspel på at det er store kostnader knytt til opprydding av avløp, og at det er nødvendig med tilførte midlar. Mange kommunar strekar under eit stort behov for økonomiske støtteordningar knytt til gjennomføring av tiltak innan avløp og landbruk. Innan vasskraft har det kome mange innspel på miljømål og vurderingar av kost-nytte. Regulantane meiner at fleire av vassførekomstane som har fått mindre strenge miljømål har eit fungerande akvatisk økosystem og kan ha miljømål godt økologisk potensiale. Miljødirektoratet, NVE og Statsforvaltaren har difor gått gjennom desse vassførekomstane. Det er vidare peika på at det er for lite tiltak innan akvakultur, landbruk og skogbruk.

Innspela fører ikkje til vesentlege endringar i planane. I forvaltningsplanen vert tilhøvet mellom planretningslinene og sektorlovverket nærare skildra. Det vil verte laga seksårige overvakingsprogram, og det er lagt inn litt meir om overvakingsbehovet i fjordar. Det er enkelte plassar endra frå Vestland vassregion til Vestland vassregionutval. Det er lagt til ein tabell som viser nasjonal og regional prioritering av vasskraftkonsesjonar som kan opnast for revisjon. Det vert vist til handlingsplanane for kalking. Vassregionutvalet er litt nærare forklart. Det er lagt til litt meir informasjon om plast. Det er lagt til litt tekst til forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for konsesjonar og til konsekvensutgreiingar for miljøgifter og anna ureinande stoff. I tiltaksprogrammet vert det lagt til litt tekst under leserettleiinga. Kapittel 10 om fritidsfiske vert endra, slik at det får meir fokus på fiskereguleringar i vassdrag. I tillegg har vi fått litt ny tekst frå sektorstyresmaktene som vi har lagt inn. I handlingsprogrammet er teksten justert i aktivitet 6, 9, 16 og 20.

2 Innleiing

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. april–30. juni 2021. Sektorstyresmaktene og kommunane var involverte i utarbeidinga av høyringsdokumenta. Vassregionstyresmakta (VRM) laga ein rettleiar med høyringss spørsmål om kva for innspel som var særleg interessante, korleis vi ønska å ha innspela og kor informasjon om ulike tema låg i dokumenta.

Det vart halde sju ulike digitale høyringsmøte med varigheit på 2–3 timar:

1. Introduksjon til vassforvaltningsplanen – korleis står det til med vassdraga og sjøen i Vestland vassregion – 6. mai 2021
2. Fisk i ferskvatn og «ein glad laks» – 6. mai 2021
3. Avløp i kommunal sektor – «skit la gå» - 11. mai 2021
4. Bonden og vassdraga – 11. mai 2021
5. Regulerte vassdrag og andre vassdragsinngrep – ambisjonar og realitetar – 12. mai 2021
6. Påverknad og tiltak frå akvakulturnæringa på liv i vatn – 18. mai 2021
7. Har vi utfordringar med miljøgifter i vatn i Vestland? – 18. mai 2021

Det har kome mange høyringsinnspel innanfor ansvarsområda til fleire sektorstyresmakter. Sektorstyresmaktene er bedne om å kommentere dei innspela som er aktuelle for dei. Det har særleg kome mange innspel innanfor ansvarsområda til Statsforvaltaren, NVE, Miljødirektoratet, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Høyringsinnspela er sendt til dei for kommentar. Kommentaranane deira er inkludert i eit excel-ark vedlagt denne høyringsrapporten. Vassområdekoordinatorane har hatt høve til å kommentere på innspel som ligg til kommunane sitt ansvarsområde.

Det kom inn høyringssvar frå 58 høyringspartar og dei fordeler seg slik:

- Statlege etatar: 9
- Kommunar: 24
- Interessentar, lag, organisasjonar: 25

Denne høyringsrapporten gjev ei oppsummering av innkomne innspel. I tillegg er innspela summert opp og samanstillt i eit rekneark. Høyringsdokumenta og innkomne høyringsinnspel finn du på: www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/.

Innspela er delt inn i tre grupper:

- Innspel som fører til endringar i høyringsdokumenta
- Innspel som vert teke med i arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplan og tiltaksprogram
- Innspel som ikkje kan løysast regionalt og av den grunn vert sendt vidare til Miljødirektoratet/direktoratsgruppa.

3 Oppsummering av høyringsinnspel

3.1 Innspel til forvaltningsplanen

3.1.1 Kunnskapsgrunnlaget

Høyringsspørsmål: Er kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstand og påverknadar rett omtalt i plandokumenta og i databasen Vann-nett? Kjenner du eller din organisasjon/sectorstyresmakt til påverknadar som ikkje er vurdert eller er kjent?

Kunnskapsgrunnlaget til vassforvaltningsplanen ligg i databasen Vann-nett. Det har kome inn ei rekke innspel på datagrunnlaget i Vann-nett. Fleire har mellom anna peika på at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg i fjordar og kystområde. Påverknad frå miljøgifter, urbane flater og skogbruk er også vurdert å vere mangelfullt. Det har kome inn merknad om at påverknad frå lakselus ikkje er lagt på alle vassdraga som er påverka. Det er vidare peika på at det er viktig at det vert sett rett påverknad i vassdrag knytt til diffus næringsavrenning, slik at rett tiltak vert sett i verk. Fleire har òg kome med innspel på konkrete vassførekomstar. Dette gjeld spesielt enkelte vassdragsregulantar.

Kommentarar

Det er Statsforvaltaren som har ansvar for datagrunnlaget i Vann-nett. Dei har vurdert dei einskilde innspela og retta opp der det har vore feil. Vidare vil vi ha fokus på å auke kunnskapsgrunnlaget også i komande planperiode. Tiltak er det kvar enkelt sektorstyresmakt som er ansvarleg for å legge inn i Vann-nett og å oppdatere status på. Det er gjennomført ein del oppretting i Vann-nett, og det er lagt inn ein del nye tiltak i Vann-nett.

Forslag til endringar

Som følgje av opprettingar i Vann-nett vert det tatt ut nye tabellar og figurar til forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

3.1.2 Overvaking

Høyringsspørsmål: Blir det gjennomført overvaking av vassmiljøet som ikkje er omtalt i overvakingsprogrammet? Er det nødvendig med meir overvaking av vassmiljøet?

Miljødirektoratet gjer merksam på at overvakingsprogrammet slik det ligg i vassforvaltningsplanen skal reviderast kvart sjette år (jamfør vassforskrifta §18) og mest mogeleg ligge fast gjennom planperioden. Overvaking er eit langsiktig arbeid og det skal vere føreseieleg kva som vert overvaka komande planperiode. Det betyr ikkje at det ikkje kan gjerast justeringar undervegs, men

at det må jobbast godt med planlegging og finansiering av ny overvaking i forkant av at vassforvaltningsplanen vert skreve.

Det er Statsforvaltaren som har det faglege ansvaret for utarbeiding av overvakingsprogrammet i forvaltningsplanen. Statsforvaltaren ber om ei presisering i kap. 1.3 om at overvakingsprogrammet i planen er ei grov skisse til overvakingsplan med behov for meir detaljerte arbeidsprogram i planperioden.

Sognefjorden Vel foreslår å overvake oksygen i botnvatnet i utsette fjordar. Innspela er sendt over til Statsforvaltaren for nærmare vurdering. Sognefjorden Vel peikar og på at ei eventuell fjordformørking på grunn av auka avrenning som følge av klimaendringane vil kunne få betydelege effektar på dei økologiske forholda i Sognefjorden. Ein mogleg effekt er auka mengder av maneter på bekostning av fisk, noko som er observert i fleire andre fjordområde.

Øygarden kommune ønsker at regionalt nivå tar initiativ til kartlegging og oppfølging av mindre vassdrag saman med kommunane. Kommunane bør involverast meir gjennom t.d. felles synfaring saman med koordinator og konsulentar. Ein bør unngå at dei vert ståande som passive mottakar av konsulentrapportar. Innspelet er sendt vidare til Statsforvaltaren og vassområdekoordinatorar med oppmoding om meir samhandling med kommunane i planperioden om overvaking og kartleggingar.

Kommentarar

Statsforvaltaren vil legge overvaking av oksygen i botnvatnet i fjordar og fjordformørking av fjordar inn som overvakingsbehov i lista i overvakingskapittelet. Dei opplys om at oksygensvinn i djupvatn er ei problemstilling i fleire vassførekomstar.

Forslag til endringar

Overvaking er flytta frå 1.3 til 1.6 i forvaltningsplanen. Det er vidare lagt inn følgjande presisering i kap. 1.6:

Overvakingsprogrammet for Vestland vassregion er skildra i vedlegg 4. I arbeidet med overvaking er det nødvendig med meir konkrete overvakingsprogram for planperioden 2022–2027. Vestland vassregion vil lage seksårige delprogram i løpet av hausten 2021. Desse vil verte lagt ut på <https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/>. Konkrete program vil verte publiserte kvar haust for det komande året.

Programma vert publisert på www.vannportalen.no.

Det er tatt med to nye kulepunkt om behov for overvaking av oksygen i djupvatnet i fleire av fjordane og å sjå nærmare på fjordformørking i kap. 1.6.7 om framtidig overvakingsbehov.

3.1.3 Prioriteringar

Høyringsspørsmål: Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i prioriteringane som er gjort? Er det andre tiltak, tema eller fokusområde som bør bli løfta fram?

Det har kome inn følgjande forslag frå kraftselskap om prioriteringar av vassdrag som inngår i NVE rapport 49/2013 Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022:

Sunnhordland kraftlag

Sørebøelva

- Tiltaket som er foreslått innført ved vilkårsrevisjon er minstevannføring/miljøbasert vannføring. Minstevannføring/miljøbasert vannføring er innført og tiltaket må settes til «utført». Vilråene i Sørelva er revidert ved den nye konsesjon i 2018, og det er følgelig ikke grunnlag for å prioritere Sørelva for vilkårsrevisjon nærmest umiddelbart etter at nye vilkår er innført. Sørelva bør derfor settes til prioritering 2.1.

- Tilbakemelding frå NVE: NVE merker seg SKLs forslag til ny prioritering av Sørrelva til 2.1. Sørrelva beholder sin prioritering 1.1. fra rapport 49/2013. For planperioden 2022-2027 er det ikke foreslått noen nye tiltak for denne vannforekomsten eller mottatt noe krav om revisjon. Sørrelva står derfor med miljømål GØP 2033 i planen.

Blådalsvassdraget:

- Basert på at det er innført moderne standard miljøvilkår i hele vassdraget, kritiske deler av vassdraget (anadrom strekning) har gjennomgått fullstendig konsesjonsbehandling på 2000-tallet og at vannplanen ikke inneholder tiltak som krever vilkårsrevisjon, er det riktig å plassere Blådalsvassdraget i prioritet 1.2.
- Tilbakemelding frå NVE: NVE merker seg SKLs forslag til ny prioritering av Blådalsvassdraget til 1.2. Blådalsvassdraget beholder sin prioritering 1.1. fra rapport 49/2013 for planperioden 2022-2027. Det er så langt ikke mottatt noe krav om vilkårsrevisjon.

Sogn og Fjordane Energi

- Dei samfunnsmessige kostnadane ved slepp av minstevassføring i Vetlefjordselvi er store og miljøgevinsten i form av betre rekruttering av sjøaure er små. SFE ønskjer at vassdraget framleis vert eit 1.2-vassdrag.
- Tilbakemelding frå NVE: Vetlefjordelvi vil fortsatt stå som et 1.2 vassdrag i rapport 49/2013. Uavhengig av dette har NVE mottatt krav om revisjon av Vetlefjordvassdraget. Revisjonssaken er ikke åpnet ennå, men skal vurderes for åpning i kommende planperiode.
- Tilbakemelding frå Miljødirektoratet: Det er fremmet krav om revisjon. Det er opp til NVE om det blir åpnet for revisjon og dernest ev. vannslipp. Miljødirektoratet mener det er sannsynlig at det tidligere har vært en selvreproduserende laksebestand i Vetlefjordelvi som har gått tapt som følge av vannkraftpåvirkningen. Laksebestanden har tidligere (i eldre kategoriseringssystem) stått oppført som tapt. Ungfiskundersøkelser utført av NIVA viste innslag av lakseunger på henholdsvis 42% i 1982 og 43,7% i 1987, noe som indikerer at det var en egen laksebestand i Vetlefjordelvi før reguleringen.

Kommentar frå fylkeskommunen

Basert på tilbakemelding frå sektorstyresmakter er det ikkje gjort endringar på regional prioritering av vassdrag som inngår i NVE rapport 49/2013 Vilårsrevisjonar som kan revideres innen 2022.

3.1.4 Miljømål

Høyrings spørsmål: Er du eller din organisasjon/sektorstyresmakt enig i miljømåla som er føreslått?

Det har kome inn ein del innspel på endra miljømål for dei sterkt modifiserte vassførekomstane (SMVF), særleg frå vasskraftbransjen. Kvart enkelt innspel er gått igjennom av relevant sektorstyresmakt og ev. retta opp i Vann-nett. Sektorstyresmakter for regulering av vasskraft er NVE, Miljødirektoratet (anadrom strekning) og Statsforvaltaren (ovanfor anadrom strekning).

Kommentar frå fylkeskommunen

Miljødirektoratet har teke initiativ til ein landsomfattande gjennomgang av alle vassførekomstar med *mindre strenge miljømål*, jamfør § 10 i vassforskrifta, for å undersøke om miljømåla er rett satt. I Vestland er mange av dei tørrlagde elvestrekningane skilt ut som eigne vassførekomstar med *mindre strenge miljømål*. Reguleringsmagasin med reguleringshøgde over 40 m har i høyringsutgåva av planen fått *mindre strenge miljømål*. Etter gjennomgangen er det vurdert at dei fleste av desse magasinane har eit fungerande akvatisk økosystem og med det har nådd *godt økologisk potensial*. Dette vert oppdatert i Vann-nett.

Forslag til endringar

Figurar og tilhøyrande tekst vil verte endra så fort dette er oppdatert.

3.1.5 Behov for verkemiddel

Høyringsspørsmål: Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt enig i korleis manglande verkemiddel er omtalt? Er det nødvendig med nye eller betre verkemiddel innan fleire område?

Fleire kommunar peikar på at det er behov for statlege støtteordningar for å løyse utfordringane innan overvatn, avløp, landbruk, eldre inngrep utan eigar, og at det er behov for midlar til kunnskapsinnhenting.

Øygarden kommune meiner kommunen treng rettleiing og støtte for korleis kommunen kan gjennomføre effektive prosessar for å ordne opp i «gamle synder» (gamle/ulovlege deponi, blyhagl frå skytebaner m.m.) og ulovlege inngrep i vassdrag. Dei meiner det bør kome på plass ein tiltakspakke for kommunane for korleis handtere «gamle synder» og reversering av skadelege / ulovlege tiltak i vassdrag. Økonomiske midlar til å gjennomføre tiltak er knappe i kommunen. Regionalt nivå for vassforvaltning bør få tilskotsmidlar som kan nyttast til prioriterte tiltak på lokalt nivå.

Bjørnafjorden kommune presiserer at det er nødvendig å auke dei økonomiske verkemidla innanfor jordbruk og skogbruk, både når det gjeld grunnleggjande tiltak og supplerande tiltak. Tilskotsordningane som finst i dag under supplerande tiltak, kompenserer ikkje tilstrekkeleg for ulempene og dei økonomiske tapa bøndene har. Dette gjeld både for å gjennomføre tiltak og til å stimulere til at det vert sett i verk tiltak med høge investeringskostnader for enkeltføretak. Døme; bufferavstanden langs sårbare vassdrag/delar av vassdrag er for liten i samband med gjødselspreiing, og avlingstapet ved å etablere ein større buffer vert ikkje fullgodt kompensert for gjennom dagens tilskotsordningar.

NVE presiserer at dei ikkje har heimel til å pålegge utgreiingar eller miljøundersøkingar for å dokumentere miljøpåverknaden av konsesjonsfrie anlegg. For at NVE skal kunne behandle ei innkallingssak må det ligge føre tilstrekkeleg kunnskap om verdier i vassdraget, om korleis anlegget påverkar desse verdiane og kva for tiltak som kan gjennomførast.

SFE og BKK meiner at dei naudsynte verkemidla for å gjennomføre tiltak finst i eksisterande lovverk som er relevant for vasskraftsektoren (Vedlegg 2, kap. 2.6 i planen).

BKK refererer til at Vestland vassregion foreslår at innkalling og omgjerung etter vassdragsloven § 28 og § 66 vert «ordinær rutine» for forvaltninga (jf. vedlegg 2, pkt. 2.6) og presiserer at dei nasjonale føringane er tydelege på at det skal utvisast varsemd med å ta i bruk bestemmingar for innkalling og omgjerung, og at dei er avgrensa til «særlege tilfeller». I tillegg skal innkalling berre nyttast når miljømålet ikkje er nådd og det ligg føre «sterke miljømessige hensyn».

Statsforvaltaren meiner det er mange tiltak som ikkje kan gjennomførast gjennom pålegg åleine frå styremaktene. Det er særleg behov for store nok løyvingar frå staten for å halde fram med tiltak mot ureining frå landbruk og kalking av vassdrag/vassførekomstar mot forsuring. Dette gjeld både tiltak som er starta opp og nye føreslegne tiltak.

Vestland bondeland peikar på at fleire av tiltaka som skal betre vassmiljøet vil innebere negativ verknad eller store kostnader for landbruket – t.d. etablering av kantsoner, reopning av bekkelukkingar og større gjødsellagerkapasitet. Bonden må difor kompensast for økonomisk tap og ekstra arbeid som dette medfører. Det vil vere naudsynt med betre utforming av tilskotsordningar i regionalt miljøprogram og SMIL, samt auka tilskot frå Innovasjon Norge til å bygge nye gjødsellager. Rådgeving på gardsnivå vil gi best måloppnåing. Når det gjeld landbruksplast ynskjer Vestland bondeland å støtte innføring av ei panteordning og auka midlar til oppryddingsaksjonar.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) meiner det bør innførast ein kostnad for å forringe vatnet. Pengane ein får inn gjennom avgifta kan ein nytte til arbeidet med å ivareta vassførekomstane. Til dømes meiner FNF at oppdrettsnæringa etter naturmangfaldlova § 5 må påleggast å finansiere genbankane som skal sikre genetisk integritet i dei ville laksebestandane.

Sognefjorden velmeiner det er nødvendig med eit verkemiddel for å unngå at fjordar vert sett på som ei billeg løysing for deponering av massar, t.d. sprengstein produsert ved m.a. sprenging av

tunneler til vegbygging eller vasskraft. Slik det er no er det kostnadsfritt å deponere i sjøen som er ein allmenning. Om tilsvarande deponering skulle skje i eit privateigd vatn, er det grunn til å tru at grunneigar ville krevje ein økonomisk kompensasjon. Sognefjorden Vel tykkjer det er uakseptabelt å eksternalisere deponeringskostnader. Dersom ein ikkje finn andre alternativ enn deponering i ein fjord, må denne deponeringa verte avgiftsbelagt. Disse pengane må øymerkast til fjordforbettringsprosjekt.

Searun AS ber fylkeskommunen sette av middel til tiltak i små vassdrag eller sidevassdrag, med fortløpande søknadsbehandling. Ei slik ordning vil kunne forenkle prosessane for frivillige, som ofte raskt kan utføre eit slikt arbeid med dugnadsinnsats og mindre behov for finansiering enn om profesjonelle aktørar skal gjere tiltaket.

Kommentar frå fylkeskommunen

Det er støtte til punkta om verkemiddel som er skissert i vassforvaltningsplanen innanfor tema som landbruk, avløp, miljøgifter og forsøpling. Fleire høyringsinnspel peikar på at det er behov for å utvide og presisere punktet om vasskraft, då særleg om naturforvaltningsvilkår og behov for å kunne pålegge miljøundersøkingar for dei konsesjonsfrie vasskraftanlegga. Det er kome innspel på tilleggspunkt/endingar om behov for støtteordningar til eldre tiltak og eigarlaus inngrep/tiltak. Det står noko om behov for å krevje oppretting av gamle tiltak i høyringsutgåva, men vi ser behov for å utvide og styrke dette punktet.

Det er kome innspel om å innføre ein kostnad for å forringe ein vassførekomst. Vassforskrifta gir føringar om å ikkje forringa vassførekomst (SS4–6). Det kan i enkelte tilfelle verte gjeve unntak jf. vassforskrifta § 12. Noreg legg til grunn «ureinar betaler prinsippet». Innspelet vert send vidare til direktoratsgruppa.

Forslag til endringar

Endring i vedlegg 2.6 om manglande verkemiddel i forvaltningsplanen:

- punkt 4 Vassdragskonsesjonar - naturforvaltningsvilkår og eldre konsesjonar vert endra etter innspel frå NVE mfl. slik at det betre går fram kva for endringar som bør gjerast for å kunne pålegge konsesjonær å gjennomføre miljøundersøkingar også for dei konsesjonsfrie kraftanlegga, og å vurdere om naturforvaltningsvilkår også kan innførast for dei konsesjonsfrie anlegga.
- etablert eit nytt punkt 7 om etablering av tilskotsordningar for oppretting av eldre tiltak.

3.1.6 Konsekvensutgreiing

Høyringsspørsmål: Er det manglar i konsekvensutgreiinga? Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt inkludert i vurderinga? Har vassforvaltningsplanen andre konsekvensar som ikkje er vurdert?

Fleire vasskraftregulantar etterlyser ein sum av verknadar av føreslegne tiltak. Følgjande konsekvensar er m.a. etterlyst:

- Samla redusert kraftproduksjon og konsekvensane av dette
- konsekvensar av minstevassføring for redusert vasskraftproduksjon
- konsekvens av å halde høgare magasintilstand for å sikre minstevassføring og som vil redusere flaumdempingsevna

Statkraft meiner at følgjande punkt bør inkluderast i konsekvensutgreiinga (tabell 16 i FT) under punktet om vasskraft.

1. Tiltak som har vesentleg innverknad på samfunnsnyttan (jf. § 5) skal utelatast. Det er viktig med transparente prosesser og kriteria for å avgjere om tiltak går vesentleg ut over bruken skal vere klare, transparente, grunngeve og definerast på ein einskapleg måte på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, jf. rettleiar for SMVF-vassdrag (CIS 37).
2. Tiltak som gir størst økologisk forbetring, skal veljast, for å sikre best tilnærming til økologisk kontinuum (samanhengande habitat).

Det er NVE som vurderer konsekvensane for vasskraftbransjen. Dei har mellom anna kome med følgjande kommentarar til innspela over: NVE menier teksten i tabell 16 er dekkande og tilstrekkeleg. I føringane frå Miljødirektoratet som vart sendt ut tidleg i planprosessen vart det presisert at KU-tabellen i planen skal vere på eit veldig overordna nivå.

Miljødirektoratet har kome med innspel om oppdatering av punktet om miljøgifter i vedlegg 3 (KU) i forvaltningsplanen.

Forslag til endringar

Tabell 20 om miljøgifter i forvaltningsplanen (KU, vedlegg 3) er retta i samsvar med høyringsinnspel frå Miljødirektoratet.

3.1.7 Retningslinjer for arealplanlegging

Høyringsspørsmål: Det er utarbeidd generelle retningslinjer for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta. Er desse retningslinjene tilstrekkelege for å sikre at vassmiljø blir teke vare på i arealplanlegginga?

Det er få innspel som omhandlar retningslinjer for arealplanlegging. Tysnes kommune og Fiskeridirektoratet har uttalt at det ikkje burde vore trong for å gjenta lovføresegner som bør vere kjent og som gjeld uavhengig av forvaltningsplanen. Fiskeridirektoratet ber om ein kritisk gjennomgang av orda skal, må og bør i kap. 1.1.3.

Kommentar frå fylkeskommunen

Retningslinjene knytt til planen er gjort for å gjere det tydelegare for kommunane kva dei må ta omsyn til i kommunal forvaltning. Vår erfaring er at kommunane til no i liten grad har teke omsyn til miljømåla for vatn i sine kommunale planar. Statsforvaltaren har i sin uttale understrekt at miljømål for vatn må verte betre integrert i arealplanlegging og kommunale planar, og ser det som avgjerande for om planen skal lukkast.

Vi har gått igjennom orda skal, må og bør i kap. 1.1.3 i forvaltningsplanen på nytt og har ikkje endra skal, må og bør.

3.1.8 Plastureining

Høyringsspørsmål: Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i kunnskapsgrunnlaget knytt til plastforureining i Vestland fylke? Er det andre tiltak og prosjekt som ikkje blir fanga opp?

Øygarden kommune har spelt inn at plastureining er ei utfordring for mange kommunar og burde vore omtala i større grad med aktuelle tiltak og støtte frå regionalt hald.

Fiskeridirektoratet har spelt inn deira handlingsplan mot marin forøpling av 15. mars 2021. Planen omhandlar oppryddingstiltak, førebyggjande arbeid og satsing på forskning og utvikling i perioden 2021–2026 innanfor yrkesfiske, fritidsfiske og akvakultur.

Plast ligg ikkje inne som eit kvalitetselement i Vann-nett. Statsforvaltaren har føreslått at dette bør kome fram under påverknader og tiltak, men ikkje korleis (førebeles).

Sognefjorden Vel har føreslått at mikroplast vert inkludert i samband med miljøovervaking i kystvatn.

Miljødirektoratet har eit konkret forslag til endring i planen: "Det er i dag ikkje kvalitetselement knytt til plast, og det er ikkje eigne metodar å måle plast ved klassifisering av miljøtilstanden. Det vil ta tid å avgjere om og korleis plast skal tas inn i klassifiseringssystemet." Forslaget er teke til følgje.

Tilleggsinformasjon om plastavfall og mikroplast frå Miljødirektoratet:

- EUs direktiv om plastprodukt krev at det innan 1. januar 2025 skal innførast produsentansvarsordning for plastutstyr som vert brukt i fiskeri- og akvakulturnæringa, og utgreiingsarbeidet er i gong i Noreg.

- Frå og med 1. juli 2021 har ureiningsforskrifta vorte utvida med eit nytt kapittel som skal redusere spreiding av gummigranulat frå kunstgrasbaner med opptil 90 %. Forskrifta skal også sikre at innsamling av landbruksplast vil halda fram/aukast.

Kommentar frå fylkeskommunen

Plast er omtalt i fleire delkapittel i tiltaksprogrammet og vil verte jobba vidare med i planperioden. Det ligg ikkje inne tiltak mot plastureining i tiltaksprogrammet. Plast vil få auka fokus i tida framover.

Forslag til endringar

Ny tekst frå Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet vert lagt inn i vedlegg 2.3.6 i forvaltningsplanen.

3.1.9 Beskytta område – drikkevatn og badevatn

Ullensvang kommune skal fastsette omsynssoner og bestemmingar om omsynssoner for alle dei 21 kommunale vassverka samt dei større private vassverka. Dette bør inn i kommuneplanen sin arealdel og i Vann-nett. Det same gjeld for badeplassar. Kommunen har nokre konkrete badeplassar dei ser trong for å sjekke opp når det gjeld negativ påverknad på vassmiljøet.

Kommentar frå fylkeskommunen

Omsynssone for drikkevatn og badevatn er viktig å få inn i kommuneplanen sin arealdel.

Forslag til endringar

Det vert lagt til litt tekst om badevatn i vedlegg 2.3.5 i forvaltningsplanen.

3.2 Innspel til tiltaksprogram

Høyrings spørsmål: Er du eller din organisasjon/sektorstyresmakt einig i miljømåla som er føreslått? Er det nødvendig med fleire tiltak som betrar eller opprettheld miljøtilstanden til vatnet vårt? Er det nødvendig med fleire tiltak for at føreslegne miljømål skal bli nådd? Er det tiltak som ikkje treng å vere med?

3.2.1 Vasskraft og andre vassdragsinngrep

Det har kome fleire innspel på at kunnskapsgrunnlaget og kost-nytte vurderingane er for dårlege. Energi Norge og fleire vasskraftregulantar har peika på at fleire av vassførekomstane som har mindre strenge miljømål bør få godt økologisk potensiale. Dette gjeld fleire reguleringsmagasin og enkelte elvestrekningar. Her er nokre av innspela:

- Det er ønske om tydeleg oversikt over mål og tiltak som er føreslege endra
- Tiltakskostnader er svært mangelfulle. Dei økonomiske anslaga oppfyller ikkje forskriftskrava og gir ikkje eit dekkande kostnadsbilete. Det er ikkje teke omsyn til tapt kraftproduksjon, tapt konsesjonskraft og konsesjonsavgift, og tapte skatteinntekter
- Koplinga mellom vassdirektivet og EUs taksonomi for berekraftig finans kan gi planane utvida betydning
- Relativt like vassførekomstar, aktivitetar og påverknadar vert skildra ulikt i Vann-nett og forslag til mål og tiltak er ikkje basert på dei same kriteria
- For dårleg kvalitet og høve til innsyn
- Manglande involvering
- Mange feil i Vann-nett, og manglande samsvar mellom Vann-nett, gjeldande planar og høyringsforslag
- Problemområde vert overfokusert då vassførekomstar med mindre enn god tilstand ofte er dei minste, slik at talet vert høgt

Forslag til endringar

Vi tar inn ei presisering av inndeling av vassførekomstar og kost-nyttevurdering i tiltaksprogrammet. Dette vert presisert under lesarrettleiing. Dei konkrete innspela på vassførekomstnivå vert retta opp av Statsforvaltaren. Innspela om endra miljømål er vurdert av

Miljødirektoratet, NVE og Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vurderte før høyringa at reguleringsmagasin med større reguleringshøgde enn 40 meter hadde mindre strenge miljømål. Etter høyringsinnspel og gjennomgangen med Miljødirektoratet og NVE er miljømålet for desse innsjøane i hovudsak vurdert å ha godt økologisk potensiale. I tillegg er enkelte elvevassførekomstar med mindre strenge miljømål vurdert å ha godt økologisk potensiale. Nokon pga. at dei var sett feil, medan andre vart endra dersom tørrlagd strekning utgjorde liten del av vassførekomsten. Dette har ført til ein viss inkonsistens i vurderinga av tørrlagde elvestrekningar, noko som må kvalitetssjekkast.

3.2.2 Samferdsel

Statens vegvesen peikar på at bruken av omgrep er forvirrande. Vassførekomstar er ei utydeleg eining, og skilnaden mellom tal og storleik/lengde må kome klart fram. Vurdering av kostnader, nytteverdi og andre avbøtande tiltak skal ligge til grunn for om tiltak kan gjennomførast eller om det bør takast andre grep. Vegvesenet har også forslag til ny tekst om saltbruk.

Forum for natur og friluftsliv meiner at så langt det er praktisk mogleg, må ein unngå å bygge i eller ved vassførekomstar. I dei tilfelle dette likevel skjer, må det mellom anna verte stilt krav om avbøtande tiltak. Dei meiner det må vurderast alternativ til vegsalt.

Searun peikar på at samferdsel har skapt vandringshinder for bekker og småvassdrag, men at dette med enkle grep kan utbetrast mange stader.

Ureining frå brøytesnø vert omtala av både Statsforvaltaren og Forum for natur og friluftsliv.

Forslag til endringar

Ny tekst frå Statens vegvesen er teke inn.

3.2.3 Sur nedbør

Statsforvaltaren peikar på at det er viktig med store nok løyvingar frå staten for at kalkingstiltaka kan halde fram og at nye tiltak kan starte opp. Forum for natur og friluftsliv meiner det er usikkert om også andre vassdrag burde kalkast for å nå miljømåla, og føreslår at det må settast i gang undersøkingar av andre vassdrag og sette i gang kalkingstiltak dersom det viser seg å vere nødvendig. Miljødirektoratet har kome med forslag til ny tekst.

Forslag til endringar

Ny tekst frå Miljødirektoratet er teke inn.

3.2.4 Avløp

Miljømål for avløp går fram av dei nasjonale føringane av 19. mars 2019: Kommunane skal kartlegge og følgje opp utslepp frå avløpsanlegg og sjå til at alle utslepp vert reinsa i tråd med ureiningsforskrifta kapittel 12 og 13. Kommunen må gi pålegg om tiltak for anlegg som ikkje overheld reinsekrava. Tilsvarende skal statsforvaltaren sjå til at avløpsanlegga innanfor kapittel 14 reinsar i tråd med krava. Innsatsen bør først prioriterast i nedbørsfelt til vassførekomstar som ikkje når miljømåla og/eller har viktige brukarinteresser.

Målet er at dette skal vere på plass innan 2027 og seinast 2033. Det har i høyringa ikkje kome innspel på at det er usemje om miljømåla i planen, men at det er trong for auka satsing på VA-sektoren og at fagområdet er krevjande for kommunane. Meir fokus på samarbeid for å auke kompetanse og betre kvalitetssikring går att, og særleg punkt d) i forvaltningsplanen om å etablere tilskotsordningar for oppfølging og sanering av spreidd busetnad har vorte godt motteke.

Det er gjeve informasjon om konkrete utfordringar omkring avløp i høyringa. Noko av det er innspel til overvakingsprogram, medan andre punkt er tiltak som er på gong eller planlagt.

Fylkeseldrerådet rettar søkelyset mot at det er trong for oppgradert leidningsnett for vatn og avløp.

Statsforvaltaren vil at kommunane skal ha auka fokus på å skilje overvatn frå avløpsvatn. Dei er også oppteken av at det bør gå betre fram i planen at det må vere tilstrekkeleg infrastruktur, og at reinsing av avløp må sikrast før ny busetnad vert planlagt/etablert.

Når det gjeld prioriteringar for avløp har Statsforvaltaren eit nytt innspel: «Statsforvaltaren skal gjennomføre tilsyn med kapittel 14 og gje pålegg om utbetringar der anlegga ikkje reinsar i tråd med krava».

Informasjon frå Statsforvaltaren som er relevant for vassforskriftarbeidet, men som ikkje vil ligge inne som tiltak i tiltaksprogrammet:

- Det er gitt pålegg om overvaking etter vassforskrifta til kapittel 14-anlegg som tidlegare ikkje har hatt dette kravet etter forureiningsforskrifta.
- Løyve som er eldre enn 10 år skal revurderast og oppdaterast med meir konkrete krav til planar for avløpsarbeidet, krav til separering av leidningsnett m.m.

Forslag til endringar

Begge innspela frå Statsforvaltaren er tatt til følgje.

3.2.5 Landbruk (jordbruk og skogbruk)

Kommunane Askvoll og Fjaler har kome med følgjande innspel som nok fleire kommunar vil stille seg bak: Innanfor landbruk er det viktig å legge vekt på at det trengst ei vesentleg styrking av ordningar som legg til rette for å nå miljømål. Dette gjeld til dømes ordningar knytt til spreietidspunkt, gjødsselfrie kantsoner, spreiemetode, samt investeringsordningar (til dømes gjødsellager). Ein må slik framheve trongen for å styrke økonomiske verkemiddel som sikrar gjennomføring av målretta tiltak. Ei klargjering i høve gjødselvarerforskrifta (ny forskrift), vil også kunne gje betre verkemiddel sett i høve bruk og lagring av husdyrgjødsel.

Forvaltningsplanen har etter Bjørnafjorden kommune si vurdering lite fokus på skogbruk og den påverknad slik drift kan ha på vassførekomstar i nedbørsfeltet.

Norske lakseelvar har spelt inn at midlane til regionale miljøtilskot i landbruket må styrkast. Tilskotsordninga er essensiell for å få gjennomført mange tiltak i vassførekomstar som er påverka av landbruket.

Statsforvaltaren har følgjande å seie om landbruket og tiltaksplanen:

Det er mange gode tiltak retta mot å redusere næringsavrenning frå landbruk. Planen er ambisiøs, og det vil krevje stor innsats både frå heile forvaltninga og frå landbruksnæringa for å gjennomføre den. Det vil mellom anna krevje betre verkemiddel for å nå måla, og tiltaksgjennomføringa treng tett oppfølging frå kommunane. Ein nøkkelfaktor for å nå måla er betre stimuli for bygging av lager for husdyrgjødsel. Dette er nødvendig for å redusere spreininga om hausten og redusere avrenninga til vassdrag.

På ein del område innan landbruket har Vann-nett lite omtale av utfordringar, og planen har få føreslegne tiltak. Ut frå dei praktiske tilhøva og omtalte utfordringar har planen truleg for få tiltak knytt til følgjande påverknader frå landbruket:

- Fysiske påverknader (kanalisering, lukking, kulvert..) / levekår for fisk / restaurering av elveløp og kantvegetasjon
- Hydroteknikk / jorderosjon / klimatilpassing / flaumforebygging
- Landbruksplast
- Avrenning ved skogshogst

Det er behov for nye tiltak innan desse områda fortløpande i planperioden. Det kan òg vere behov for meir kunnskap om korleis bruk av plantevernmiddel eventuelt påverkar vassførekomstar i Vestland. Det kan sjå ut til å vere uklart eller vanskeleg tilgjengeleg kva vassførekomstar som er

sårbare (drikkevasskjelde, badevatn, sårbare artar, verneområde og anna), og korleis slik informasjon vert brukt for å betre vurdere behov for landbrukstiltak.

Manga av tiltaka mot forureining frå landbruket kan berre gjennomførast om det vert gitt kompensasjon for tapt produksjon. Det er difor naudsynt med store nok statlege løyvingar til dette om tiltaka skal verte gjennomført.

Forum for natur og friluftsliv har fleire innspel til tiltak i landbruket:

- Reinseparkar er bra, men må plasserast på rett stad og måte
- Meir fokus på kantvegetasjon og andre habitattiltak. Landbruksmynde og grunneigarar har eit stort ansvar her
- Moderne skogsdrift krev auka fokus på effekten dette har på vassdraga

DNT, Naturvernforbundet, Norsk friluftsliv, NJFF, Sabima og WWF har gjeve ei felles uttale til forvaltningsplan og tiltaksprogram som omhandlar landbruk. Dei har mellom anna fokus på landbruket si fysiske påverknad i mange vassdrag med kanalisering, grøftingar, bekkelukking m.m. Dette kjem godt fram i planen og landbruket bør verte tilført meir midlar til tiltak som kan rette opp i meir eller mindre unødvendige inngrep.

Searun har følgjande innspel: Elver i landbruket og i byar som er kanalisert skal reparerast. Å heller legge til rette for naturlege vassdrag med gode randsoner vil både ha flaumsikrande effekt, samtidig som det er betre for biologisk mangfald. Kantvegetasjon må bevarast og det bør etablerast regelverk som sikrar at ein unngår hogst i randsonene til vassdrag.

Forslag til endringar

Innspela er teke til etterretning og statlege løyvingar er med under manglande verkemiddel. Setninga om at skogbruksareal generelt er vurdert til ikkje å ha vesentleg påverknad på vasskvaliteten er teke ut.

3.2.6 Miljøgifter og andre ureinande stoff

Forum for natur og friluftsliv meiner at gruveavfall ikkje må dumpast i fjordane. Searun viser òg til at fjorddeponi representerer risiko for økosystem både i, men og i tilgrensande område til nasjonale laksefjordar. Searun ber om at gitte løyve vert trekt tilbake.

Renere havn Bergen meiner ureina sediment kunne vore gitt meir plass i planen, og at opprydding i område der sjøbotnen er ureina av miljøgifter vil vere avgjerande for å nå vassforskriftas miljømål i kystvassførekomstar. Kunnskapsgrunnlaget har manglar når det gjeld påverknadar frå miljøgifter. Tiltak for å rydde opp i ureina sjøbotn treng økonomiske verkemiddel.

Miljødirektoratet ønskjer å presisere KU-tekst for miljøgifter og kome med ny KU-tekst om industri, gruvedrift og nedlagte gruver. Miljødirektoratet vurderer å justere til mindre strenge miljømål i vassførekomstar med vesentleg påverknad frå nedlagde gruver i vassførekomstar der det ikkje er tilstrekkeleg kunnskap til å føreslå konkrete tiltak. Miljødirektoratet har kome med forslag til mindre tekstendringar.

Forslag til endringar

Tekstendringane frå Miljødirektoratet og Statsforvaltaren vert teke inn.

3.2.7 Akvakultur

NVE meiner at uttak av vatn til produksjon av settefisk er lite omtalt i planen. Stadig aukande produksjon med auka vassforbruk fører til eit vesentleg press på vassressursane.

Norske lakseelver meiner at regulering av lakselusnivåa i kystvatnet gjennom trafikklyssystemet og luseforskrifta har vist seg å ikkje gje tilstrekkeleg vern til vill laksefisk. Strengare tiltak må settast i verk for at kystvatn og anadrome vassførekomstar skal nå miljømåla i tråd med planen. Sjøaure må inn som miljøindikator i kystvatn, og rømmingane av oppdrettslaks må opphøre for at

den genetiske integritet til laksebestandane skal verte god og miljømåla for anadrome vassførekomstar kan verte nådd – sjølv i 2033. Norske lakseelver meiner at tida er overmoden for å sette ned dagens lusegrenser til eit nivå som er tilpassa tal oppdrettslaks i opne merdar. Samtidig må perioden med lågare lusegrense utvidast for å gi betre vern til laksesmolt og sjøaure.

Sogn villaksråd ønskjer ein plan for den nasjonale laksefjorden i Sognefjorden, og ønskjer at den vert utvida for å verne laksefisk både mot lakselus og rømt oppdrettslaks.

Fiskeridirektoratet ber om at tredje avsnittet i kapittel 8.1 vert oppdatert slik at det kjem fram at klassifisering etter vassforskrifta ikkje er ei vurdering gjort av Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL).

Sjømat Norge meiner kunnskapsgrunnlaget er for dårleg, spesielt i kystvatn. Sjømat Norge meiner det er feil av sektorstyresmaktene å konkludere med «stor negativ påverknad» frå lakselus og rømt oppdrettsfisk/genetisk påverknad. Bakgrunnsdata for konklusjonane frå forvaltninga er i stor grad frå åra før 2015 og er ikkje i tråd med nasjonale føringar. Med etableringa av OURO, som tar ut rømt laks frå vassdrag ved høgt innslag før gyting, har ein også etablert ei sikkerheit for at ikkje-genetisk påverknad skal vere ein trussel for villaksen.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) meiner det bør vere eit mål at flest mogleg av settefiskanlegga går over til RAS-teknologi, dvs. reinsing og gjenbruk av vatnet, med høge krav til grad av utslepp av fosfor og nitrogen, og fjerne mange vandringshindre for villfisk. Kartlegging av vandringsruter må på plass og kunnskap må vektleggast før ein vedtek nye lokaliseringar av oppdrettsanlegg. FNF meiner ein må ta med reinsefisk som ein påverknad på vassførekomstane. Både omfattande fangst og genetiske endringar når dei rømmer og blandar seg med dei ville bestandane kan ha betydning for naturen. I tillegg kjem eventuell spreiding av patogen og parasittar frå reinsefisk.

FNF, DNT, Naturvernforbundet, Norsk friluftsliv, NJFF, Sabima, WWF meiner at trafikklyssystemet ikkje er tilstrekkeleg når det vert akseptert at 30 % blant dei ville laksebestandane kan døye av lakselus. Dei meiner det framleis er fleire manglar og svakheiter ved korleis påverknaden frå fiskeoppdrett vert fanga opp i planane. Det er ikkje samsvar mellom liten grad av påverknad og at fleire oppdrettarar i 2018 fekk forbod mot å bruke kopparimpregnerte nøter. Noreg bør ha vassstypet brakkvatn eller kvalitetselement fisk i kystvatn. Det hadde fanga opp utfordringane til sjøauren, kysttorsken og andre artar som oppheld seg i fjorden store deler av året eller er rent pelagiske. Det er viktig at sjøaure kjem inn som kvalitetselement i fjordane. Det er problematisk at vassforskrifta ikkje ser til haustbart overskot sjølv i naturlege vassdrag og at datasettet vert henta frå klassifiseringa frå 2010–2014. Det bør vere årlege oppdateringar, eller i alle fall annakvart år.

Searun meiner havbruk har store konsekvensar for anadrom fisk. Dei stiller seg bak at vassdrag som slit vert stengt, men regionen må då peike på kva som er problemet. Sjøaure er ikkje med i trafikklyssystemet, og Searun stiller spørsmål om trafikklyssystemet berre skal ha fokus på vekst.

Grunneigarar ved Åbakkevika og Sørkvingevatnet viser til at det er ureining til sjø frå eit oppdrettsanlegg til tross for reinsekrav, og at nedtapping av Sørkvingevatnet fører til at aure ikkje kan vandre opp i gyteelvene.

Miljødirektoratet kan ikkje sjå at føreslått tiltaksprogram vil vere tilstrekkeleg til å sikre forbetring eller hindre forringing av tilstand for laks i område med vesentleg påverknad frå rømt fisk eller lakselus.

Kommentarar

Fiskeridirektoratet, Miljødirektoratet og Mattilsynet har mellom anna følgjande kommentarar til høyringsinnspela over:

Mattilsynet: Lakselus og påverknad på sjøaurebestandar er under kartlegging, og rapport om dette vil gi auka kunnskapsgrunnlag for klassifisering av anadrome vassførekomstar. Kunnskap vil også

vere viktig for oss i vår saksbehandling m.m. Luseforskrift er under revidering, men arbeidet er forseinka grunna spørsmål som har dukka opp undervegs og som måtte adresserast.

Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet viser til at problemstillingane Norske lakseelver reiser bør sendast over til Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Statsforvaltaren: Uttak til vatn til settefiskanlegg bør omtalast tydlegare i planen. Dei fleste nyetablerte anlegg bruker RAS-teknologi.

Kommentar frå fylkeskommunen

Problemstillinga om trafikklyssystemet og luseforskrifta er tilstrekkelege verkemiddel til å nå miljømåla etter vassforskrifta bør sendast over til NFD. Modellen bør utvidast til også å gjelde påverknad av lakselus på sjøaure. Dei bør og vurdere om ytterlegare tiltak mot rømt oppdrettsfisk kan setjast inn i område/ vassdrag der laksebestandane er vesentleg genetisk påverka av rømt oppdrettslaks. Tiltak må vere tilstrekkeleg til at miljømåla vert nådd innan 2027/2033. Det er eit mål å ta vare på genetisk integritet og variasjon i dei ville laksebestandane.

Forslag til endringar

Tiltaksprogrammet: To setningar om klassifisering av laks i kapittel 8.1 vert sletta. Uttak av vatn til settefiskproduksjon vert omtalt. Endra tekst om fiskereguleringar frå Miljødirektoratet vert lagt inn.

Forvaltningsplanen: I samandraget er akvakultur tatt ut frå denne setninga, og ny setning vert: *Ureining er den største påverknaden i kystvassførekomstane, særleg frå industri og avløp/reinseanlegg.* MOM-B og MOM-C vert endra til B- og C-undersøking. I kapittelet om manglande verkemiddel vert det lagt til eit avsnitt om akvakultur der vi ber aktuelle departement om nærmare vurdering om skisserte verkemiddel for å redusere påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk er tilstrekkeleg til å nå miljømåla etter vassforskrifta. Når det gjeld spørsmålet om det er føreslått tilstrekkeleg med tiltak til å nå miljømåla for laks i område med vesentleg påverknad frå rømt fisk eller lakselus ber vi aktuelle departement om å avklare dette i kap. 1.1.7 i forvaltningsplanen.

3.2.8 Framande artar

Statsforvaltaren meiner det ikkje er skissert nok tiltak mot framande artar i tiltaksprogrammet.

Miljødirektoratet meiner investeringskostnadane i tabell 25 må sjekkast, og at krepsepest og *Gyrodactylus salaris* må takast ut av tabell 26. Miljødirektoratet viser til at VRM må legge inn omtale av handlingsplanen for stillehavsøsters. Krypsiv er omtalt som framand art. Det bør rettast opp sjølv om det står i kapittel 9.2 at krypsiv ikkje er framand.

DNT, Naturvernforbundet, Norsk frilufsliv, NJFF, Sabima, WWF meiner at mink må omtalast i planane, sidan den har stor negativ innverknad på både ferskvatn og kystvatn. Regionane må integrere eksisterande handlingsplanar eksplisitt inn i sine vassforvaltningsplanar, med tiltak.

Forslag til endringar

Stillehavsøsters er omtalt. *Gyrodactylus salaris* og krepsepest er fjerne frå tabell 26. Krypsiv er ikkje flytta til andre tiltak, sidan det er ei kopling mot framande artar i Vann-nett og tabellane som skal nyttast i tiltaksprogrammet. Vi venter på tilbakemelding frå Miljødirektoratet før vi eventuelt flyttar tiltaka og omtalen av krypsiv til andre tiltak. Etter høyringa informerte Statsforvaltaren om at det var påvist hamnespy utanfor Bergen, slik at det også vert teke med i planen.

3.2.9 Fritidsfiske

Miljødirektoratet viser til at tiltak i dette kapittelet er knytt til negative effektar av fritidsfiske som fiskeregulering.

Forslag til endringar

Teksten vert tilpassa negative effektar av fritidsfiske, med fokus på fiskereguleringar.

3.2.10 Vern av drikkevatn

Det er berre eit tiltak i Vestland vassregion som går på å beskytte drikkevatn. Miljødirektoratet rår til at ein har dialog med kommunane om teamet og får inn fleire tiltak.

Kommentar frå fylkeskommunen

Ein vil prøve få dette til ved bruk av vassområdekoordinatorane, men det er lite truleg at me rekk å få det inn i planen. Temaet skal uansett jobbast med i planperioden.

Forslag til endringar

Det er lagt inn tilvising til brev frå Mattilsynet og informasjon på Vannportalen i kapittel 2.3.5 i forvaltningsplanen.

3.2.11 Overvatn

Renere havn Bergen peiker på at urbant overvatn er ei vesentleg potensiell kjelde til tilførsel av ny ureining frå land til sjø og ein risiko for rekontaminering etter gjennomførte oppryddingstiltak. Ureining frå vegar, tette overflatar, byjord og erosjon frå fasadar vert spreidd mot sjø med overvatn.

Bergen kommune meiner vassforvaltningsplanen legg opp til eit større fokus på god handtering av overvatn, mellom anna gjennom reinsing, opning av lukka elver og restaurering. Planen gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med handteringa av overvatn og utviklinga av gode blågrøne løysingar i byen. Det er også viktig at planen prioriterer arbeidet med klimatilpassing.

Ullensvang kommune orienterer om at dei vil nytte den såkalla tre-trinnsstrategien for handsaming av overvatn.

Forslag til endringar

Det er lagt inn eit avsnitt om at det er viktig at overvatn vert handtert på overflata og ikkje i røyr, og det er lagt inn ei tilråding om tretrinnsstrategien i kap. 12 i tiltaksprogrammet.

3.2.12 Klimatilpassing

Sognefjorden vel viser til at ei eventuell fjordformørking på grunn av auka avrenning som følgje av klimaendringane vil kunne få vesentlege effektar på dei økologiske tilhøva i Sognefjorden. Ein mogleg effekt er auka mengder av maneter på kostnad av fisk, noko som er observert i fleire andre fjordområde. Fjordformørking bør med i den framtidige overvakinga av Sognefjorden. Statsforvaltaren meiner planen truleg har for lite tiltak knytt til m.a. klimatilpassing.

3.2.13 Forsking og kunnskap

Fleire høringsinnspel går på at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt eller for dårleg.

Kommentar frå fylkeskommunen

Det vil i den komande planperioden verte jobba for å betre dette, og som det står i tiltaksprogrammet er det viktig at det framover vert sett av midlar til forskning og gode tilskotsordningar.

3.3 Innspel til handlingsprogram

Høyrings spørsmål: Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i dei ulike aktivitetane som er omtalt i handlingsprogrammet? Er ansvaret fordelt til korrekt myndigheit? Bør det leggest til fleire ansvarsområde?

Tysnes kommune peiker på at handlingsprogrammet kanskje kunne vore innarbeidd som del av tiltaksplanen. Slik den samla planen står fram i dag så vert det litt uoversiktleg. Fiskeridirektoratet har fleire kommentar til handlingsprogrammet, m.a.:

- første avsnitt; «Ved rullering av handlingsprogrammet vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen, fornya.» Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at det følger av plan- og bygningsloven § 8-1 at det skal inngåast eller fornyast noko avtalar med andre regionale aktørar, som Fiskeridirektoratet.
- Etter vårt syn kan ikkje handlingsprogrammet liste opp aktivitetar og oppgåver for sektorstyresmakter som ikkje følger av vassforskrifta. Vi merker oss at forslag til handlingsprogram legg opp til einskilte aktivitetar og oppgåver som ikkje følger av vassforskrifta.
- Vi kan heller ikkje sjå at det er naudsynt at sektorstyresmakter skal legge ut status for gjennomføring av tiltak på vannportalen.no, då desse opplysningane allereie går fram av Vann-nett

Miljødirektoratet ber om at:

- følgjande setning vert lagt til aktivitet 9; *Sektorstyresmaktene må sende kopi av vedtak til VRM fram til teknisk løysning er på plass i Vann-nett*
- *relevante sektorstyresmakter* vert lagd til i aktivitet 16, då det òg kan vere nyttig for Miljødirektoratet og andre sektorstyresmakter å delta i tematiske oppfølgingsmøte – t.d. om tiltaksgjennomføring innanfor vasskraftsektoren (der NVE og Miljødirektoratet er relevante styresmakter).

Statsforvaltaren oppmodar om at det bør i større grad vert oppfordra til å etablere fag-/temagrupper som arbeider med tiltaksgjennomføring. Det bør vere aktuelt å lage konkrete tiltaksplanar for grupper av vassførekomstar, til dømes heile vassdrag eller nedbørsfelt.

Kommentar frå fylkeskommunen

Plan- og bygningslova set krav om eit handlingsprogram til regionale planar.

Vassforvaltningsplanen er ein regional plan etter plan- og bygningslova. Vassforskrifta stiller ikkje krav om eit handlingsprogram, men stiller krav om og innhald til ein forvaltningsplan og eit tiltaksprogram. Det er ikkje utarbeida ein nasjonal mal for handlingsprogram.

Det er fylkestinga som vedtek handlingsprogrammet for vassregionen. Før dokumentet vert send til fylkestinga for vedtak, er det lagt opp til godkjenning av handlingsprogrammet i vassregionutvalet, dvs. kvar etat som sluttar seg til handlingsprogrammet fornyar då sine avtalar med andre offentlege aktørar om gjennomføring av planen. Sektorstyresmakter gir der sin tilslutning til dokumentet. Sektorstyresmakter har høve til å delta i arbeidet og koma med innspel i prosessen med å utarbeide handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i vassforvaltningsplanen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen.

Vi noterer oss innspelet om at handlingsprogrammet bør inngå i tiltaksprogrammet og ønskjer å drøfte dette nærmare med relevante aktørar for oppdatering av planen for dei neste planane (2027–2033). Vassforskrifta stiller krav om eit tiltaksprogram og til innhald i tiltaksprogrammet.

Sektorstyresmaktene si oppgåve er å oppdatere Vann-nett med status for å gjennomføre tiltaka. VRM lager nyhendeoppslag på Vannportalen med data henta frå Vann-nett. Vi gjer dette tydlegare i aktivitet 6.

Fylkeskommunen er samd i endringsforslaga til aktivitet 9 og 16 i handlingsprogrammet frå Miljødirektoratet.

Det er aktuelt å etablere temagrupper for ulike tema, også for tiltaksgjennomføring og utarbeiding av tiltaksplanar for heile nedbørsfelt (grupper av vassførekomstar/heile vassdrag/fjord). Vi gjer dette tydlegare i aktivitet 20.

Forslag til endringer i handlingsprogrammet (endra/ny tekst i kursiv)

Aktivitet 6, dei to første setningane vert endra til Sektorstyresmakter og VOK oppdaterer kontinuerleg status for gjennomførte tiltak i Vann-nett. VRM legg ut status for gjennomføring av tiltak to gonger årleg på vannportalen.no. Hovudansvar: Sektorstyresmakter, VOK og VRM, Medverkande: Kommunar

Aktivitet 9 vert endra til: Oppdatere bruk av § 12 i vassforskrifta i Vann-nett. Sektorstyresmaktene må sende kopi av vedtak til VRM fram til teknisk løysing er på plass i Vann-nett.

Aktivitet 16 vert endra til: Halde møte/samlingar mellom VRM, Statsforvaltaren, relevante sektorstyresmakter og VOK for drøfting av relevante tema, kurs og opplæring.

Aktivitet 20 vert endra til: Halde møte i vassområdeutvala, temagrupper og referansegrupper i vassområda. Etablere nye temagrupper ved behov.